

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 22.06.2010
Møtestad: Hotel Neptun Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen
Aud Berit Alsaker Haynes
Gisle Handeland
Gunnar Berge
Gerd Dvergsdal
Nils P Støyva
Ohene Aboagye
Gro Skartveit
Lise Karin Strømme
Aslaug Husa
Reidun Nyborg Johansen
Helge Espelid

Forfall frå styret

Torill Selsvold Nyborg

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Torunn Nilsen referent

Sakliste		Underlag
069/10 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	x
070/10 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 1. juni 2010	x
071/10 O	Administrerande direktør si orientering	x
072/10 B	Rapportering frå verksemda per mai 2010	x
073/10 B	Førebels inntektsfordeling 2011 og resultatkrav 2011	x
074/10 B	Tertialvis rapportering på krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokumentet. 1. tertial 2010.	x
075/10 B	Overordna risikovurdering per 1. tertial 2010	x
076/10 B	Utbyggingsprosjekt i private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest RHF - fordeling av strategiske midlar	x
077/10 B	Ny samansetting av Regionalt brukarutval i Helse Vest	x
078/10 O	Innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren - Tiltaksplan	x
079/10 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen 3. mai 2010	x
080/10	Eventuelt	

Lukka del

Sak 081/10 B er u.off jf Offentleglova § 23, 1. ledd

081/10 B	Organisering av tilbakehald etter lov om sosiale tenester §§ 6-2, 6-2a (§ 6-3)	x
----------	--	---

Fellesmøte med styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Bergen HF

Møtet blei gjennomført med følgjande saker på saklista:

- Status og tiltak i Helse Bergen HF i høve til: økonomi, ventetid og sjukefråvær, innleiing v styreleiar i Helse Bergen HF
- Status for arealutvikling i Helse Bergen, innleiing ved administrerande direktør i Helse Bergen HF
- Internasjonalt arbeid i Helse Bergen, erfaringar og vegen vidare, innleiing ved administrerande direktør i Helse Bergen HF

069/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Dagsorden:

Styreløiar orientere om at møtet blir lukka under handsaming av sak 081/10 B jf Offentleglova § 23, 1. ledd.

Denne saka blir behandla i slutten av møtet.

Administrerande direktør si orientering blei utvida med 3 nye orienteringar:

- Pkt 3 – Helse- og omsorgskomiteen besøker Helse Vest 7. september 2010
- Pkt 4 – Anbudskonkurranse - rehabilitering
- Pkt 5 – Strategiprosessen i Helse Førde HF

Styreløiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til AD si orientering nytt - pkt 3 Helse- og omsorgskomiteen besøker Helse Vest 7. september 2010:

Førebels program for Helse- og omsorgskomiteen sitt besøk i Stavanger 7. september

Til sak 072/10 B – Rapportering frå verksemda per mai 2010:

Saka var ettersendt og lagt på bordet i møtet

Til sak 077/10 B – Ny samansetting av Regionalt brukarutval i Helse Vest:

Notat med nytt forslag til vedtak var lagt på bordet i møtet

Til skriv og meldingar:

- Brev frå Helsetilsynet til landets helseforetak, dagsett 07.06.10 "Innføring av varslingsplikt og opprettelse av utrykningsgruppe i Statens helsetilsyn"
- Brev frå Helsetilsynet, dagsett 08.06.10 "Melding om tilsyn med barselomsorgen i spesialisthelsetjenesten 2010"
- Brev frå Regionalt Brukarutval til Helse Vest RHF, dagsett 16.06.10 "Prosess for omorganisering/avvikling av Ungdomspsykiatrisk Klinikk i Helse Førde"
- Brev frå Katrine Sølberg til Helse Vest RHF "Åpent brev til Helse Vest og Oddvard Nilsen om sykehus-striden i Sogn og Fjordane"
- Brev fra Brukerutvalget i Helse Stavanger HF, dagsett 07.06.10 "Angående korttidsbehandling"
- Protokoll frå Regionalt Brukerutval i Helse Vest RHF den 03.05.10
- Protokoll frå Regionalt Brukerutval i Helse Vest RHF den 03.05.10
- E-post frå Oddmund Barmen til Helse Vest RHF "Gaven som alle glemte"
- Brev frå Voss kommune til styret i Helse Vest RHF, dagsett 18.06.10 "Tildeling av kontrakter forkjøp av rehabiliteringstenester"

Forfall til møtet:

Styreløiar orienterte om at Torill Selsvold Nyborg hadde meldt forfall til møtet

Eventuelt:

Følgjande sak blei meldt til eventuelt:
Fordeling av legeheimlar i Helse Vest (HE)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

070/10 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 01.06.2010

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 1. juni 2010.

071/10 O Administrerande direktør si orientering

1. **1. Tilsetting av administrerande direktør i Apoteka Vest HF**
Orienteringa blei trekt
- 2. Tilsetting av internrevisor i Helse Vest**
Bård Humberset, er tilsett i stilling som LEIAR FOR INTERN REVISJON
Hanne Løvereide Årstad, er tilsett i stilling som INTERN REVISOR
- 3. Besøk av Helse- og omsorgskomiteen 7. september**
Helse og omsorgskomiteen besøkar Helse Vest 7. september. Førebels program var lagt på bordet i møtet. Styret gjer tilbakemelding/ innspel til programmet i løpet av juni.
- 3. Anbud rehabilitering**
Administrasjonen orienterte om gjennomført anbuds konkurransen på kjøp av rehabiliteringsplassar. Helse Vest har motteke klage frå Hagahaugen, som ikkje får fornya avtale med Helse Vest. Klagen vil bli behandla i løpet av 1 – 2 veker.
- 4. Strategiprosessen i Helse Førde**
Administrasjonen orienterte om status i strategiprosessen i Helse Førde HF. Styret i Helse Førde HF har i eit styrevedtak gått inn for at "modell 1" blir gjennomført i løpet av 2012. Saka blir oversendt til Helse Vest i løpet av sommaren. Styrebehandling i RHF-styret vil bli i løpet av hausten 2010.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

072/10 B Rapportering frå verksemda per mai 2010

Oppsummering:

Aktivitetsrapporteringa innan somatikk er påverka av at det er gjort ein del endringar i innsatsstyrt finansiering som gjer det vanskeleg å samanlikne aktivitet i 2009 med tilsvarande

tal for 2010. I høve til budsjett er den samla DRG-produksjonen om lag 4,1 % lågare enn kva HF-a sjølv har budsjettert.

Ventetidsutviklinga per mai 2010 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar med prioritet i hovudsak er på om lag same nivå som for eit år sidan innan dei tre fagområda. Vidare er ventetidene i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både dei som er tatt til behandling og dei som framleis ventar. Epikrisetidene held seg stabile rundt 70 % innan psykisk helsevern og rundt 55 % - 60 % innan somatikken.

Akkumulert resultat pr mai er minus kr 21,5 mill som er kr 51,1 mill dårlegare enn budsjett. Føretaka opprettheld sine prognoser frå førre rapportering med unntak av Apoteka som nå rapporterer ei prognose som er kr 6 mill betre enn budsjett. Helse Fonna og Helse Førde rapporterer ei realisert omstilling på 71 og 91 % medan Helse Stavanger rapporterer at føretaket bare har realisert 18 % av forventta realisert omstilling pr mai. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg men Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover.

Tiltrua til tenesta vippar denne gongen under 80, men er likevel godt innanfor målsetjinga. Den største nedgangen finn vi i Helse Fonna og i Helse Stavanger, medan resultatet i Helse Bergen og i Helse Førde er stabilt samanlikna med april-målinga. Tiltrua til det regionale føretaket held seg stabilt på 59 prosent, som i april-målinga.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering frå verksemda per 31. mai 2010 til etterretning.
2. Styret ba Helse Bergen om å utarbeide omstillingstiltak som kan lukke budsjettavviket.
3. Styret ba Helse Stavanger om å utarbeide nye tiltak som kan lukke budsjettavviket.

073/10 B Førebels inntektsfordeling 2011 og resultatkrav 2011

Oppsummering:

Helse Vest hadde i 2009 eit positivt resultat på kr 156 mill. Det er framleis ei utfordring særleg knytt til Helse Førde og Helse Stavanger. Begge føretaka har vedtatt ei omstillingspakke for å tilpasse seg resultatkravet for 2010. Helse Fonna og Helse Bergen har tiltak i beredskap som dei kan gjennomføra på kort varsel om resultatutviklinga gjer det nødvendig. Utviklinga pr. april er litt urovekkande særleg ved Helse Stavanger og Helse Bergen. Begge føretaka ligg no etter budsjett. Det er derfor viktig å halde trykk på omstillingsprosessane for å tilpasse drifta til resultatkravet, som er sett slik at føretaksgruppa kan gjennomføre planlagde investeringar. For å bidra til ein god budsjettprosess ser administrerande direktør det som viktig og nødvendig å klarlegge neste års økonomiske ramme og resultatkrav for det enkelte helseføretak på eit tidlegast mogleg tidspunkt.

I og med at statsbudsjettet for 2011 først blir lagt fram i oktober 2010 vil det være usikkerheit rundt førebels inntektsramme. Dette gjeld mellom anna føresetnader om aktivitet, økonomi og finansielle forhold. Endeleg inntektsramme blir lagt fram i styremøte i desember der forhold frå statsbudsjettet blir innarbeida.

Investeringsrammene vil bli fastsett i styresaka om konsernbudsjett i februar 2011.

Styret ønskte ei tilbakemelding på kva som er årsaka til kostnadsforskjellen på drift av helikopterbasen i Florø og basen på Sola, til neste styremøte.

Vedtak (samrøystes):

1. Fordeling av førebels inntektsramme blir som følger:

Inntektsfordeling 2011 -	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	964 407	493 563	1 668 870	360 744		3 487 584
ISF-pasientar behandla i andre regionar	68 327	17 826	31 283	23 493		140 928
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-19 207	-1 922	-56 077	-8 761		-85 967
SUM, ISF	1 013 526	509 466	1 644 076	375 476	-	3 542 545
SUM, basisramme fordelt etter modell	2 911 521	1 650 504	4 670 061	1 354 848	0	10 586 933
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	346 983	209 350	733 527	200 638	2 942 639	4 433 137
SUM, tildelt inntektsramme 2011 frå RHF	4 272 031	2 369 320	7 047 664	1 930 961	2 942 639	18 562 615

2. Førebels resultatkrav for 2011 blir satt som følger:

Forslag til resultatkrav 2011	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2011	40 000	20 000	160 000	-20 000	8 000	100	20 000	228 100

3. Helseføretaka blir bedne om å nytta rammebudsjettering som teknikk for budsjett 2011. Budsjettet skal bygga på inntektsføresetnader og resultatkrav som følgjer av denne saka. Dei økonomiske rammene må bli budsjettert ned til lågaste nivå i organisasjonen og føresetnadane for rammebudsjettering må bli klargjort i alle ledd i føretaket slik at kostnadane blir tilpassa inntektsramme og resultatkravet HF-et skal nå. Helseføretaka må klargjera dei økonomiske utfordringane og nødvendige tiltak innan styret i føretaket vedtar budsjettet slik at ein oppnår nødvendig effekt allereie ved inngangen av 2011.

074/10 O Tertialvis rapportering på krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokumentet. 1. tertial 2010.

Oppsummering:

Styret har bede om at det tertialvis rapporterast på dei krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen.

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift.

Styret ba om å bli orienterte om status når det gjeld etablering av læreplassar innanfor helsefagutdanninga og ambulansesarbeidarutdanningane på styremøtet i september.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

075/10 B Overordna risikovurdering per 1. tertial 2010

Oppsummering:

I tråd med retningslinjene for risikostyring i Helse Vest har helseføretaka gjennomført ei overordna risikovurdering av utvalde styringsmål som skal følgjast særskilt opp gjennom året. 3 av styringsmåla er felles for føretaka. I tillegg har føretaka definert egne, verksemdsspesifikke mål for oppfølging gjennom året. Alle helseføretaka har gjennomført risikovurderinga i tråd med retningslinjene og føringar gitt i oppdragsdokumenta, og det er utarbeidd omfattande og detaljerte rapportar. Rapportane viser at det ved 1. tertial er betydelige risikoar knytt særleg til ventetider og fristbrot, korridorpatientar og økonomi. For desse er det gjort greie for risikoreduserande tiltak. Det er av avgjerande betydning at desse tiltaka er realistiske, og at styra i dei respektive helseføretaka følgjer opp at tiltaka blir gjennomført og risiko redusert. Rapportane blir lagde fram for styra i dei einskilde føretaka på styremøta i mai/juni.

Oppfølging av risikobilete i underliggjande helseføretak kan skje gjennom dialog, vedtak i styret i Helse Vest RHF eller gjennom føretaksmøte. Helse Vest vil i denne omgang nytta resultatane frå risikovurderingane i den operasjonelle oppfølginga av helseføretaka, og vi vil følgje gjennomføringa av tiltaksplanane og utviklinga i risikobilete fram til rapporteringa per 2. tertial. Styret vil da få seg førelagt ei sak som viser korleis risikobilete har utvikla seg, og styret vil kunne gjere eventuelle aktive vedtak i forhold til dette. Det blir også starta eit arbeid med å gjennomføre ei overordna risikovurdering av "sørge for ansvaret". Dette vil bli ein del av rapporteringa per 2. tertial.

Styresaka per 2. tertial vil også bli nytta til rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet.

Vedtak (samrøystes):

Styret legg til grunn at helseføretaka aktivt følgjer opp risikovurderingane med særleg fokus på dei områda med høg risiko.

076/10 B Utbyggingsprosjekt i private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest RHF - fordeling av strategiske midlar

Oppsummering:

I saka blir det gjort greie for status med omsyn til fordeling av strategiske midlar til private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest. For 2010 blir det gjort framlegg om tildeling av kr. 9 mill til Stiftelsen Betanien knytt til utbygging av nytt poliklinikkbygg. Restbeløp for 2010 blir sett av til handtering av moglege uførsette og mindre prosjekt. I tillegg blir det gjort framlegg om framtidig fordeling av midlar mellom Haraldsplass Diakonale Sykehus og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus.

Vedtak (samrøystes):

1. Stiftelsen Betanien blir tildelt eit kapitaltilskot på kr 9 mill til utbygging av psykiatrisk poliklinikk. Tildelinga skal regulerast i avtale.
2. Styret sluttar seg til den fordelinga av strategiske midlar til Haraldsplass Diakonale Sykehus og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus som går fram av saka med dei atterhald som det er gjort greie for.
3. Endeleg tildeling blir behandla av styret som eiga sak. Tildelinga skal regulerast i avtale som blir lagt fram for styret for godkjenning.
4. Eventuelt restbeløp blir sett av til handtering av moglege uførsette og mindre prosjekt.

077/10 B Ny samansetting av Regionalt brukarutval i Helse Vest

Oppsummering:

Regionalt brukarutval skal representere brukarane av spesialisthelsetenesta.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) og eldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland har spelt inn kandidatar til Regionalt brukarutval i Helse Vest. Forslaget frå organisasjonane medfører at FFO får to medlemmer frå kvart fylke medan SAFO har to medlemmer totalt og eldreråda har eit medlem i Regionalt brukarutval.

Kreftforeningen har bedt om å få ein eigen representant i Regionalt brukarutval i Helse Vest.

Fram til neste oppnemning blir det i samarbeid med brukarutvalet gjort ei vurdering av systemet for oppnemning og særleg korleis rusområdet kan bli betre representert og om store organisasjonar utanom samanslutningane som til dømes Kreftforeningen skal ha eigen representasjon.

Vedtak (samrøystes):

1. Medlemmene til Regionalt brukarutval for perioden 2010-2012 vert oppnemnde i samsvar med innspela som no er komne. Desse personane vert oppnemnde:

Medlemmer:

- Njål Idsøe, FFO Rogaland / Norsk Revmatikerforbund
- Steinar Andersen, FFO Rogaland / Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Solfrid Lillebø, FFO Sogn og Fjordane / Mental Helse
- Knut Aarethun, FFO Sogn og Fjordane / Diabetesforbundet
- Gunn Leiknes, FFO Hordaland / Norsk Parkinsonforbund
- Helen Aareskjold, FFO Hordaland/ Norges Blindeforbund
- Else Berit Ingvaldsen, SAFO Hordaland/ Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)
- Renate Berg, SAFO Sogn og Fjordane/ Norges Handikapforbund
- Eivind Skjerven, Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane

Varamedlemmer:

- varamedlem frå FFO Rogaland: Elisabet Salte, Norges Astma- og Allergiforbund
- varamedlem frå FFO Rogaland: Kari Toftøy-Andersen, Noregs Fibromyalgiforbund
- varamedlem frå FFO i Sogn og Fjordane: Oddveig Birkeland, Norsk Revmatikerforbund
- varamedlem frå FFO Sogn og Fjordane: Odd Hansen, Hørselshemmedes Landsforbund
- varamedlem frå Hordaland: Terje Larsson, Hørselshemmedes Landsforbund
- varamedlem frå FFO Hordaland: John Thorbjørnsen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- varamedlem frå SAFO Rogaland (for Else Berit Ingvaldsen): Steffen Hauerbach, NFU
- varamedlem frå SAFO Rogaland (for Renate Berg): Anette Jæger, Norges Handikapforbund
- varamedlem frå fylkeseldrerådet i Rogaland: Magne Sjøtun

2. Styret ber om at administrasjonen, i samarbeid med brukarutvalet, gjer ei vurdering av systemet for oppnemning med særleg fokus på korleis rusområdet kan bli betre representert og om store organisasjonar utanom samanslutningane skal ha eigen representasjon.

078/10 O Innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren - Tiltaksplan

Oppsummering:

Nasjonale Helseplan 2007-2010 synleggjer mangel på samhandling innan og mellom kommunale helse- og omsorgstenester og spesialisthelsetenesta som kanskje den største utfordring helsetenesta står overfor, med høge kostnader for helsetenesta og unødvendige lidingar og problem for pasientar og pårørande. For å møte desse utfordringane har helse- og omsorgssektoren behov for innovasjon gjennom nye teknologiske løysingar og nye organisatoriske løysingar for betre og meir effektiv pasientbehandling og drift.

Koordineringsutvalet for innovasjonssatsinga føreslår å prioritere dei helsemessige utfordringane ein står overfor i nær framtid, som eldrebølgja og dei store pasientgruppene innan kroniske sjukdomar og livsstilsjukdomar (psykisk helse, rus, diabetes, kols, slag, demens, kreft og overvekt). Det er også tilrådd at ein i satsinga på innovasjon bør samordne seg på tilsvarende måte som ein har gjort på forskningssida.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

079/10 O Protokoll frå møte i revisjonskomiteen 3. mai 2010

Oppsummering:

Referat frå møter i revisjonskomiteen skal leggjast fram for styret.
Revisjonskomiteen hadde møte i Førde den 03.05.2010.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 03.05.2010 til orientering.

080/10 Eventuelt

Fordeling av legeheimlar i Helse Vest (HE)

Helge Espelid ønskte ein tilbakemelding på om korleis prinsippet om fordeling av legeheimlar i samsvar med inntektsmodellen, vil slå ut for helseføretaka.
Styret ba om å ei sak/notat om legefording i 2011 og framover i løpet av hausten 2010.

Likeverdige helsetenester (GB)

Gunnar Berge viste til ein studie frå Folkehelseinstituttet som viser at aukinga i levealder berre skjer i dei mest ressurssterke gruppene i befolkninga og at det er store forskjellar mellom ulike grupper.
Styret ønskte ei styresak for å belyse dette, og for å vurdere tiltak for å sikre at tenestetilbodet er likt til alle grupper i befolkninga. Styresaka bør belyse mogleg samarbeid med instansar som jobbar med folkehelse, og ein bør vurdere om det arbeidet med "helseatlas" i Hordaland for om lag 10 år sidan kan belyse dette.

Skriv og meldingar:

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 01.06.10 "Rapportering frå verksemda per april 2010"
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 19.05.10 "Oversending av rapport – tilsyn med Helse Bergen HF, Psykiatrisk divisjon, Bjørgvin DPS 27. – 28. mars 2010"
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 11.05.10 "Oversending av rapport – tilsyn med Helse Bergen HF, Psykiatrisk divisjon, Bjørgvin DPS 22. – 23. mars 2010"
- Brev frå Harald Sjursen til Helse Vest RHF, dagsett 25.05.10 "Ope brev til styra i Helse Førde/Helse Vest og helse-og omsorgsminister Anne-Grete Strøm- Eriksen"
- E-post frå Oddmund Barmen til Helse Vest RHF, dagsett 25.05.10 "Kan medlemmer i Ap mene det de vil"
- E-post frå Oddmund Barmen til Helse Vest RHF, dagsett 25.05.10 "Kompromissmodell i Sykehussaken"
- Brev frå Riksrevisjonen, dagsett 31.05.10 " Sykehus- bygg i et økonomisk og helsepolitisk perspektiv - Innhenting av økonomisk informasjon om bygningsmassen"

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Brev frå Helsetilsynet til landets helseforetak, dagsett 07.06.10 "Innføring av varslingsplikt og opprettelse av utrykningsgruppe i Statens helsetilsyn"
- Brev frå Helsetilsynet, dagsett 08.06.10 "Melding om tilsyn med barselomsorgen i spesialisthelsetjenesten 2010"
- Brev frå Regionalt Brukarutval til Helse Vest RHF, dagsett 16.06.10 "Prosess for omorganisering/avvikling av Ungdomspsykiatrisk Klinikk i Helse Førde"
- Brev frå Katrine Sølvberg til Helse Vest RHF "Åpent brev til Helse Vest og Oddvard Nilsen om sykehus-striden i Sogn og Fjordane"
- Brev fra Brukerutvalget i Helse Stavanger HF, dagsett 07.06.10 "Angående korttidsbehandling"
- Protokoll frå Regionalt Brukerutval i Helse Vest RHF den 03.05.10
- Protokoll frå Regionalt Brukerutval i Helse Vest RHF den 03.05.10
- E-post frå Oddmund Barmen til Helse Vest RHF "Gaven som alle glemte"
- Brev frå Voss kommune til styret i Helse Vest RHF, dagsett 18.06.10 "Tildeling av kontrakter forkjøp av rehabiliteringstenester"

Lukka del

Møtet var lukka under handsaming av sak 081/10 B jf Offentleglova 23 1.ledd

081/10 B Organisering av tilbakehald etter lov om sosiale tenester §§ 6-2, 6-2a (§ 6-3)

Oppsummering:

Avhengighet av rusmidlar er eit alvorleg og nokre gongar livstruande problem. Difor har lov om sosiale tenester tre paragrafar som opnar for tilbakehald av personar med rusmiddelproblem: § 6-2, § 6-2a (gravide) og § 6-3 (avtalt tilbakehald).

Tilbakehald innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB) skjer i dag hovudsakleg hos private ideelle leverandørar.

Helse Vest RHF skal gjennomføre ei anskaffing av tenester innan TSB frå private ideelle leverandørar. Problemstillinga er om tilbodet for tilbakehald framleis skal vere organisert omtrent slik som i dag, eller om helseføretaka skal spele ei større rolle gjennom å ta ansvar for dei pasientane som treng eit forsterka tilbod.

Saka konkluderar med at det bør vere to forsterka einingar i regionen – ei i Helse Bergen HF og ei i Helse Stavanger HF. Private leverandørar bør framleis kunne gi eit tilbod til pasientar med avtalt tilbakehald (§ 6-3) og gravide innlagd etter § 6-2a som ikkje treng eit forsterka tilbod.

Styremedlem Lise Karin Strømme fremma tilleggsforslag til administrerende direktør sitt forslag til vedtak, med eit nytt vedtakspunkt 3:

”Styret ber administrerende direktør sjå på og vurdere tilbodet til gravide rusmisbrukarar etter 6.2a (§ 6-3) og komme tilbake med ei sak på eit seinare tidspunkt.”

Vedtak (samrøystes):

1. Plasser for innlegging etter § 6-2 og § 6-2a i forsterka eining vert ikkje med i anskaffing av tenester innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB) frå private ideelle leverandørar.
2. To forsterka einingar for innleggingar etter § 6-2 og § 6-2a i Lov om sosiale tenester vert etablert i regionen – ei i Helse Bergen HF og ei i Helse Stavanger HF.
3. Styret ber administrerende direktør sjå på og vurdere tilbodet til gravide rusmisbrukarar etter 6.2a (§ 6-3) og komme tilbake med ei sak på eit seinare tidspunkt.

Ref. Torunn Nilsen
22.06.2010

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Helge Espelid

Lise Karin Strømme

Aslaug Husa

Reidun Nyborg Johansen
